


Marsha Norman:

NATTA, MOR

Det Norske Teatret



Marsha Norman:

NATTA, MOR

Thelma Cates **Bab Christensen**
Jessie Cates **Grethe Ryen**

Ingen pause

Premiere på Scene 2
21. mars 1985

Omsett av **Karin Moe**

Regi: **Thea Stabell**

Scenografi og kostyme:

Mia Runningen

Maske: **Torunn Løken**

Inspisient: **Ingar Nilsen**

Rekvisitører:

Tone Osa og Marit Fjeldstad

Sufflør: **Sissel Lillo-Stenberg**



Foto: Stokley Towles

Ingrid Haug:

God morgon, Marsha

Marsha Williams heitte ho då ho vart fødd i Louisville, Kentucky, 21. september 1947. Ingen hadde trudd ho skulle bli dramatikar, aller minst ho sjølv – ho trudde ikkje det kunne komme dramatikarar frå Louisville. Så ho studerte filosofi og mediefag, jobba på sjukehus for mentalt forstyrra ungdom, skreiv artiklar, bokmeldingar og barnesidestoff til lokalavisa **Louisville Times**, og underviste på ein skule for særns evnerike ungar. Ein dag i 1976 kontakta ho Jon Jory, sjefen for Actors Theatre i Louisville, for å spørje om råd med omsyn til eit program ho ville setje i verk for å få ungdommen i byen meir involvert i skapande kunst. Det vart ein lang samtale – og han kom til å handle om heilt andre ting. Då han var over, gjekk Marsha heim med inspirasjon til å nytte kunnskapane og røynslene sine til å skrive skodespel. Ho hadde prøvt ein gong tidlegare, hadde skrivi ein liten musikal for barn om Edison og andre oppfinnarar. Men ho hadde Jory oppmuntra ho til å freiste skrive noko større og meir alvorleg. «Skriv om noko som gjer vondt,» hadde han sagt. Ho så gjorde. Slik vart dramatikaren Marsha Norman fødd.

Actors Theatre i Louisville, Kentucky vart grunnlagt i 1964 av Richard Block og Ewel Cornett, og det første året heldt dei til på eit gammalt loft. Deretter flytta dei til ein nedlagd jernbanestasjon for å få betre plass. I 1969 tok ein ny mann over, Jon Jory, og han har sidan vori den drivande krafta

bak dette teatret, som no har vunni ry langt utanfor Louisville. Ein praktfull gammal bankbygning i sentrum av byen vart i 1972 gjort om til eit større teaterkompleks, men heldigvis vart mykje av arkitekturen frå 1837 teki vare på, så Actors Theatre held no hus i eit nasjonalt minnesmerke. Her var det at Jory oppdaga Norman og gav ho det puffet som skulle til, her fekk ho debutstykket sitt oppført, og her var det at ho oppdaga fordelene ved å vere knytta til eit lite teater. Ho liker den spesielle måten å arbeide på, seier ho, både av di ho då kan ha særskilde skodespelarar i tankane når ho formar ut rollene, og av di ho, ved å setje opp eit stykke på ein mindre scene først, rekk å sjå det og rette opp feil og få vene-kritikk på det før dei større kritikarane og publikumsmassane kastar seg over det. Sjølv om Norman hadde flytta til New York då ho skreiv **Natta, mor**, vart dei to rollene i stykket «skreddarsydde» for to av skodespelar-venene frå Louisville, Kathy Bates og Anne Pitoniak, og Norman fekk stykket oppført på American Repertory Theatre i Boston før det vart sett opp på Golden Theatre på Broadway i New York. Intenst og kjensleladd som det er, er det ikkje vanskeleg å sjå at sjølv om stykket godt kan spelast på store scener (i fjor vart det sett opp på The Guthrie i Minneapolis, som tek 1441 menneske), høver det kan hende aller best for eit mindre teater, der publikum sit nær ved dei to på scenen. Denne intimiteten er typisk for Norman og verd å merke seg.

«Eg vil presentere ting,» seier Marsha Norman i eit intervju. «Det er det som er arbeidet mitt.

Opphavleg produsert av Dann Byck, Wendell Cherry, The Schubert Organization og Fredrick M. Zollo
Første oppsetjinga regissert av Tom Moore
Urpremiere på American Repertory Theatre, Cambridge, Mass.
Originaltittel: «Night, Mother»
Teaterforlag: Folmer Hansen Teaterforlag AB
Programredaksjon:
Halldis Hoås/Thea Stabell
Foto: Leif Gabrielsen
Programdesign og trykk: Otto Falch as

Om de godtek den avgjerda Jessie tek eller ikkje, er eit spørsmål om personleg val. Oppgåva **mi** har berre vori å framstille Jessie så rettferdig som mogeleg.» Og med uttrykket «framstille så rettferdig som mogeleg» har i grunnen Norman servert oss hovudintensjonen sin som dramatkar. «Mange menneske har ikkje høve eller evne til å snakke for seg. Difor har eg valt å snakke for dei,» seier ho. Denne innstillinga pregar alle dei seks skodespela ho har skrivi til no.

Det første stykket hennar, det som Jory oppmuntra henne til å setje i gang med, var **Getting Out**, som kom i 1977. Idéen til det henta ho frå noko av det som hadde gjort størst inntrykk på henne av alt ho hadde opplevt: valden, raseriet, hjelpeløysa ho var vitne til då ho arbeidde på spsjalsjokehuset, der ungdom med psykiske skadar og meir eller mindre kriminell bakgrunn skulle prøve å få fotfeste att. Det er ein viss likskap mellom **Getting Out** og **Natta, mor** – i begge ser vi at ufridom og vonløyse kan gjere eit menneske desperat, og at desperasjonen, anten han er synleg eller ikkje, kan tvinge fram ekstreme handlingar. Dette er forresten eit tema som går igjen hos mange notidige dramatkarar – kan hende ein samanheng med samfunnsutviklinga elles – og Marsha Norman er slett ikkje den mest vidtgående av dei. Til dømes ser vi at handlingane som personane til f.eks. Beth Henley kjenner seg drivne til, er atskillig meir groteske.

Jory likte **Getting Out** og fekk det sett opp som ein del av Festival of New American Plays ved Actors Theatre same år. Det kom på delt førsteplass ved desse festspela, ein uventa siger for den unge forfattaren. I 1979 kunne ein sjå det off-Broadway, og seinare har det vunni fleire prisar og vorti omsett til minst tolv språk, mellom anna norsk. Våren 1983 kom det til Noreg og vart oppført som **Fri!** på Rogaland Teater og som **Slippe fri** på Den Nationale Scene i Bergen. «A smash hit in Norway», stod det i amerikanske aviser på den tida, og det skulle det vel ikke vere naudsynt å omsetje.

Suksessen gav meirsmak, og Norman heldt fram med å skriving for og med Actors Theatre i to år.

Rett etter **Getting Out** kom to enkeltaktar, «The Laundromat» og «The Pool Hall», som til saman utgjorde **Third and Oak** (1978). «Third and Oak» er eit gatekryss i Louisville – mellom Third Street og Oak Street, slik namnet tilseier. Og det er fotfolket vi møter, dei vi «normalt ikkje ville ha lagt merke til eingong,» som Norman uttrykte det i eit intervju for eit par år sidan. Ho er oppteken av problema i kvardagen her òg, av illusjonar som brest og draumar som døyr. Midla ho nyttar, er stillfara, men verknadsfulle. I «The Laundromat», til dømes, møtest to kvinner på myntvaskeriet, ei som kjenner seg fanga i eit vonlaust ekteskap, og ei som nett er blitt enke. «Eg vann badeballen vår då eg rydda i kjellaren her om dagen,» seier enka. «Eg kan då ikkje sleppe lufta ut av han, det er pusten **hans** som er inni der.» Slike replikkar er blitt eit slags varermerke for Norman, enkle ord som rommar ei heil verd.

Seinare kom **Circus Valentine** (1979), der ein kvinneleg luftakrobat vil prøve seg på ein trippelsaltomortale for å trekkje meir folk og pengar til det økonomisk vaklande familiesirkuset, og **The Hold-Up** (1980), ein western-komedia basert på historier som bestefaren til Norman ein gong fortalde. Og så kom **Natta, mor** (eller **night, Mother**, som det heiter i originalversjonen), det beste stykket hennar til no. Stykket fekk fleire æreteikn då det kom i 1983, mellom anna Susan Smith Blackburn-prisen, som vert delt ut til

kvinnelege dramatkarar som skriv på engelsk. Høgst heng nok likevel den kjende og ettertrakta Pulitzer-prisen, som kvart år vert delt ut for framifrå amerikansk arbeid innanfor journalistikk, litteratur og musikk. Litteraturprisane dekkjer ymse genrar, og i drama er han blitt delt ut sidan 1918. Prisen har gått til mange av dei store klassikarane i amerikansk drama (og til nokre av dei små med), men berre sju gonger i heile denne perioden er det kvinnelege dramatkarar som har fått han. Dess meir påfallande er det då at det i 80-åra alt er to kvinner som har vorti heidra på denne måten. Beth Henley fekk prisen i 1981 for **Crimes of the Heart** («Brottsverk frå hjartet») som første kvinne sidan 1958. Og i 1983 gjekk han altså til Marsha Norman for **Natta, mor**. Mot slutten av fjoråret kom skodespel nummer seks: **Traveler in the Dark** («Reisande i mørkret»), om ein glimrande kirurg som mistar trua på seg sjølv av di han ikkje greier å redde eit menneske som står han nær. Det vart ikkje ein like stor suksess som **Getting Out** og **night, Mother**, men Norman har lova at ho har stoff til endå fleire skodespel: «Eg fekk eit råd ein gong, som eg har tenkt å halde meg til: 'Om du har det i deg, så skriv det ned medan du enno kan!' Eg vil skrive. Det er det einaste eg vil.»

Ingrid Haug er vitenskapelig assistent ved Amerikansk institutt, Universitetet i Oslo.

Thea Stabell

Vi ønskjer Thea Stabell hjarteleg velkomen til Det Norske Teatret for første gong som instruktør (ho har vore her tidlegare, men då som skodespelar). Ho får æra av å signere den aller siste oppsetjinga på Scene 2! Dei siste åra har ho arbeidd mykje med kvinnestoff – til dømes med ei svært vellykka oppsetjing av Caryl Churchills spennande, men vanskelege «Top Girls» på Rogaland Teater i fjor. Ho har elles våga arbeide med fleire norske dramatkarar – vi hugsar m.a. med stor glede Peder W. Cappelen («Trollspill») for ein del år sidan. I Fjernsynsteatret



Foto: Arild Hinna

hugsar vi Knut Faldbakkens «Kort møte i Verona», og no sist «Lystige koner». – Vi seier tvi-tvi med dei to jentene på Scene 2!




ch Hegel.
1816 vart han kalla til prof. i Heidelberg
Berlins univ. I Berlin-tida skreiv han ei
religions-, hist.- og naturfilos., filosofihist.,
fikk og psykol., fl. av dei utjevne post
gj. rettsfilos. vart hegelianis
faktor. H. kom i sam

atsvitsk. streva elles med
å gj. teol. problem ei filos.
form. Vart 1801 dosent i
Jena, der Schelling no verka.
I denne tida forsvara han i
skriftene sine identitetsfilos.
mot ulike åtak. Samstundes
arb. han på å forma sitt
eige filos. system, og 1807
kom «Phänomenologie des
Geistes». 1809-16 var H.
gymnasrektor i Nürnberg, i
denne tida kom «Wissens-
schaft der Logik» (3 bd.,
1812-46), som gjorde han
Hegel, Hüsseri og Heidegger (s. d.). G. Heidegger
er påverknaden frå Kierkegaard påviseleg — den sub-
jektive «inderleggjeringa», det å vera «engasjert» i kvart
viktig val, er eit naudsynt omgrepskjenneteikn i S.s
filosofi. Det er meiningsløst å sjå på S.s filos. uavhengig
av den skjønnlitt. pro
innsats synest å seia: For
funni opp alle slag ku
mota og oppleve va
ut av han med å refe
synte tankelover» osv
«protokollsetningar»
sjon (som i logisk
kingar. I røynda er
sin eigen lagnad, —
dramatiske arb. si
jande og handling
stensialis

Mamma: Familie er eit hendel
er ingenting personle
ikkje meininga dei ska
Det er ikkje eingong m
i slekt med deg, det ber
Jessie: Dei veit for mykje.

Frå NATTA, MOR av Marsha Norman



Garn: Triples
Pinner: 3 1/2
FRAMANGSMÅTE:
Legg opp 35m med
D.nr. 3 1/2 og
strikk gløttstrikk
fram og tilbake 5p.
På neste p. økes det
30

Kviteseid
10.3.85

Kjære Thea!

Her er programideen: collage.
Frå Norsk Alkunnebok, filosofar, Begynn med
Hegel, han som hevda at det er motet til å
våga livet som skaper harren over knekten.
Dinest, giftbegersvingar Sokrates, valg-far
Sartre, øko-Marx, Nietzsche, Kant, Descartes (
eg strikkar, ergo er eg), etc. Viktig at det er
leksikonspaltene autentisk som står der.
Kva har desse tankar gjort for kvinner, er dei
tilgjengelige for vanlige kvinner? Kunne
vera både eit politisk og eit kulturelt
spørsmål: er desse fyrane heilt borti NATTA,
for kvinner? Dersom ein lar desse sitata frå
leksika alternera med oppskrifter og tekst-
bitar frå stykket, trur eg bodskapet kan bli
sterkt. Folk vil vel gjerne ha litt biografi
på Marsha Norman (Dagbladet skreiv om stykket
i 1982), og om regien.
Lukke til, eg slit framleis med bronkitt, må
stå over ukas STUNTS, ditt PR-arbeid etc, og
søster mi ventar. Livet = kroppen? Eg har nok
vore for mykje i hue denne vinteren.

Klem og helsingar til Bab og Grethe, frå
Karin



So'krates) (470-
seg nokon skrifter
s som karikerer ha
som skildrar korle
men f. o. fr. gj. d
fram synet sitt på ei
likevel noko uvisst
tankar. For samt
ein o
kjend
tikk (s
vart kla
doment
domt ti
giltskåla
sinnsro.
Det grunnleggjande slag-
ordet til S. var «kjenn deg
sjølv», då vil det visa seg at
mange krav ikkje er reelle.
Høgste målet for S. er lukka,



glad og
nn han staa
han vart red. for
vart forbode 1849, og M.
ad, men utvist frå Tyskl.
vart han utvist på nytt
et. Det vart fraksjons-
Kommunist-sambandet
seg frå alle. I staden

an fatt på eit syste-
og grundig studium
økon., hist. og sociol.,
an med Engels arb.
igne økon. og sosiale
og analyserte den
pol. utviklinga etter
s arbeidskraft og
prod. var fantastisk. Hovud-
verket er «Das Kapital» (s.
Kapitalen), andre kjende
verk er «Der 18. Brumaire
des Louis Bonaparte» (1852)
og «Zur Kritik der politi-
sichen Ökonomie» (1859). På
same tid var han aktivt
interessert i pol., teoriane
dags skapte eit nytt gr. og


ordtipogram, t. d. det tyske. Han var òg aktivt med i
 ordskiftet i arbeidarprensa, forde kvass polemikk mot
 lektierisme og anarkisme (Bakunin) og var elles ein av
 hovudorganisatorane av den fyrste internasjonale 1864.
 Den stilistiske og polemiske meisterskapen gjorde at
 ikkje minst motstandarane las bøkene hans. Hovud-
 verka hans er sette om til dei fleste språk. S. elles marx-
 sme. [Litt.: F. Mehring, «K. M.» (1918, oms. til sv.,
 1921-22); E. Bull, «K. M.» (1929); O. Vegheim,
 «K. M.» (1933).]

leg uhell, Jessie. Det
 eg, søte venn. Det er
 al gå deg på nervene.
 meininga dei skal vere
 rre blei slik.

Friedrich Wilhelm
 han ved


Mamma: Kva snakka du og pappa om?
 Jessie: Vi snakka om kvifor svarte sokkar er varmare
 enn blå sokkar. Er det noko å gå og fortelje
 mor? Du var sjalu fordi eg heller ville snakke
 med han enn å vaske opp med deg.

Frå Marsha Norman: NATTA, MOR



Mamma: Det er synd. Du kjem rett til helvete.
 Jessie: Æ-hæ.
 Mamma: Det er sant!
 Jessie: Jesus var sjølmord, spør du meg.

Frå NATTA, MOR av Marsha Norman



René (kalla Renatus Cartesius
 Perron o. a.) (1596-1650), fr. fil-
 osofar og fysikar. Fekk fyrste utdanninga i
 skule i La Flèche, studerte seinare jus. I
 var han i militærtjeneste og på reiser, nytta
 mat, studium. Resten av livet vigde han
 og skrivning. I 1649 oppmoda dronning
 til å koma til det sv. hoffet som filosofisk
 imot innbydinga og drog til Sthm., men do-
 — D. har lagt grunnlaget for den analy-
 tiske tenkjen. I lys. arbeidde han med teorien om

og problemet å
 t luft-tyngda. Han
 ssutan med biologi,
 musikk o. a. I
 tok han til med
 ent tvil på alt som
 kunne stå for san-
 nriet hans, heldt
 t for sant som stod
 og tydeleg for tan-
 et ikkje var råd å
 det. Frå slike in-
 gjevne, sjølvsgade
 avleidde (dedu-
 andre sanningar.
 fyrst godtok som
 sanning var at han
 te og dermed eksis-
 ein «tenkjande
 «Eg tenkjer, altså
 » («Cogito, ergo
 i annas sjølvsgad



Frå Õnskan

Om av det långa livet
en enda dag var kvar,
då søkte jag det vackraste
som jordlivet har.
Det vackraste på jorden
är bara redlighet,
men det gör ensamt liv til liv
och verklighet.

Karin Boye

Så stig da i meg, einsemd

Så stig da i meg, einsemd,
storm mitt jordlivs siste skanse
og øyd min tæringsdraum om lykke her.
Du avgrunnssvimmre jord,
ver du ei onnor verd,
gjev all din løyndom
i denne gjennomlyste morgonstund,
i denne timen føre dødsens store dag
når einsemdrøyster ropar meg attende
til atterføring or ein annan grunn.

No stormar all mi einsemd mot si grense.
Mitt liv var draum forutan dagklår visse,
og difor eig eg ikkje jorda meir –
Men livet skal eg aldri, aldri misse –

Tor Jonsson

